



**Vest-Agder Ungdomslag**  
Postboks 81, 4523 Lindesnes  
Heimeside: <http://vest-agder.ungdomslag.no>  
Org nr: 971 119 950  
Bank: 6319 12 60890

Eit fylkeslag i  
Noregs Ungdomslag

## ÅRSMØTEPROTOKOLL VEST-AGDER UNGDOMSLAG ONSDAG 29. MARS 2023

Årsmøtet vart endeleg avvikla fysisk denne gongen – på Varde hjå Holum UL. Etter lagskaus vart det opprop og konstituering av møtet v/skrivaren før Tønnes Seland overtok møteleiarijobben. Desse deltok på møtet: BUL-Kristiansand v/Reidun Bru Loland, Kari Mysen og Ole Steffen Gusdal, Framsteg UL v/Roy Are Berg, Greipstad UL v/Knut Homme og Evy Stranden, Grindheim UL v/Tønnes Seland og Helge Håland, Halse UL v/Per Skoie, Holum UL v/Mette Villmones, Natalie Lascombe og Mona Katrine Kristiansen (observatør), Hægeland UL v/Tom Kåre Flottorp og Yngve Lunden, Kvina UL v/Arne Haugland og Åse Marie Jerdal, Kvås UL v/Ole Tom Stokkeland, Lindesnes UL v/Laila Herstøl, Nina Bie og Cesare Sciardi, Lista UL v/Tor Steinar Fromreide, Rita Vevle og Hillbjørg Tveit, UL Lyngdølen v/Bernt Jarl Fardal og Astor Vidringstad, Søgne UL v/Steinar Endresen, Endre Endresen og Sondre Bodin, Øvrebø UL v/Tordis Mushom og Sandra Kjevik Meiholdt. Frå fylkesstyret møtte Audar Solberg og Tom Leroy Tjelland. Agder folkemusikk- og folkedansnemnd var representert v/leiaren Gunvor Syvertsen (utan røysterett), fondstyret møtte ved leiaren Ole Tom Stokkeland og valnemnda vart representert av Tom Kåre Flottorp. I tillegg møtte skrivaren Borghild Løver (utan røysterett). Totalt møtte altså 15 lokallag, som tilsaman hadde 29 røyster. Med dei 2 i styret, vart det 31 røysteføre.

### **Sak 1: Opning**

Helga Jørgensen ynskte velkomen på vegner av Holum Ungdomslag.

### **Sak 2: Opprop og godkjenning av utsendingar**

Skrivaren tok oppropet av dei frammøtte årsmøtedeltakarane. Årsmøtet godkjende utsendingane.

### **Sak 3: Godkjenning av innkalling**

Det var ingen merknader til innkallinga, og årsmøtelyden godkjende denne.

### **Sak 4: Val av ordstyrar, referentar, utsendingar til å skrive under årsmøteprotokollen og teljekorps**

Desse vart samrøystes valde:

Ordstyrar: Tønnes Seland.

Referentar: Borghild Løver og Kari Mysen.

Til å skrive under årsmøteprotokollen: Nathalie Lascombe og Helge Håland.

Teljekorps Reidun Bru Loland og Helge Håland.

### **Sak 5: Godkjenning av sakliste**

Saklista vart samrøystes godkjend.

### **Sak 6: Årsmeldingar**

#### **a) Styret**

Styret si årsmelding vart lagt fram av skrivaren. Spørsmål frå Knut Homme i Greipstad UL om styremøtereferata kunne sendast ut oftare. Skrivaren gav til svar at dei vart sendt ut etter at dei vart godkjent, og at styremøta fann stad med ujamne mellomrom. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend med denne merknaden.

#### **b) Agder folkemusikk- og folkedansnemnd**

Leiar Gunvor Syvertsen presenterte årsmeldinga, som vart samrøystes godkjent.

#### **c) Fondstyret**

---

**Skrivar:**  
Borghild Løver  
Postboks 81, 4523 Lindesnes  
Telefon: 97 06 44 85  
E-post: [vest-agder@ungdomslag.no](mailto:vest-agder@ungdomslag.no)

**Kasserar:**  
Siss Agedal  
Marnarv. 2234, 4534 Marnardal  
Telefon: 915 52 970  
E-post: [siss.agedal@online.no](mailto:siss.agedal@online.no)



**Vest-Agder Ungdomslag**  
Postboks 81, 4523 Lindesnes  
Heimeside: <http://vest-agder.ungdomslag.no>  
Org nr: 971 119 950  
Bank: 6319 12 60890

Eit fylkeslag i  
Noregs Ungdomslag

Ole Tom Stokkeland presenterte årsmeldinga som vart samrøystes godkjend. Fondstyret tilrår eit moderat uttak i 2023, ettersom det har vore ei negativ fondsutvikling i 2022. Men ordstyrar og fondsleiar minte årsmøtelyden om at grunnkapitalen var på 5 millionar, og at han slik sett har auka godt i løpet av desse åra.

### **Sak 7: Rekneskapen 2022**

Rekneskapen vart gjennomgått. Revisjonsmelding frå Tønnes Seland låg føre, så rekneskapen var revidert og funnen i orden. Eigenkapitalen per 31.12.2022 var på 526.329 kr. UL Lyngdølen v/Bernt Jarl Fardal kom med spørsmål om leigeavtala som fylkeslaget hadde med Lindesnes UL. Styret ser på rammeavtala for leiga når det gjeld fylkeslagsaktivitetane.

Rekneskapen for Vest-Agder UL og rekneskapen for Bondeheimsfondet vart samrøystes godkjend.

### **Sak 8: Innkomne framlegg**

Det var ingen innkomne framlegg, så denne saka gjekk ut.

### **Sak 9: Arbeidsprogram for VAUL i 2023**

Arbeidsprogrammet vart lagt fram, og her kom det spørsmål frå Evy Stranden (Greipstad UL) om fylkesstyret kunne hjelpe med HMS-arbeid når det galdt punkt 10, pluss at Ole Steffen Gusdal (BUL-Kr.sand) sette fokus på Nordleik 2024. Arbeidsprogrammet vart godkjent med desse to tilleggga:

19. Bidra til organisering av vakthald på skulane under Nordleik 2024.

10. Styret tek kontakt med NU for å få malar for internkontrollsystem.

Arbeidsprogrammet vart samrøystes godkjent.

### **Sak 10: Budsjett 2023**

Budsjettet vart lagt fram av Tom Leroy. Budsjettet balanserte med 442.000 kr i inntekter og kostnader. Frå fondet var det sett opp uttak på 275.000 kr i 2023. Budsjettet vart samrøystes vedteke.

### **Sak 11: Val**

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke, bortsett frå når det galdt valnemnda. Her fremja Knut Homme frå Greipstad UL benkeframlegg på Tor Steinar Fromreide inn i valnemnda for 2 år i staden for Borghild Løver. Det måtte to røystingar til før resultatet var klart: 1 blank, 10 røyster for Tor Steinar Fromreide og 20 røyster for Borghild Løver.

### **Styret i VAUL:**

Leiar Audar Solberg, Marnardal UL	attval for 1 år
Medlem Anne-Beate Guldal, BUL-Kr.sand	ikkje på val, 1 år att
Medlem Tom Leroy Tjelland	ikkje på val, 1 år att
Medlem Synne Stray, BUL-Kr.sand	nyval for 2 år
Medlem Astor Vidringstad, UL Lyngdølen	nyval for 2 år
1. varamedl. Gunn Lieng, Halse UL	attval for 1 år
2. varamedl. Cesare Sciardi, Lindesnes UL,	attval for 1 år

Styret utnemner kasserar og skrivar.

### **Fondstyret:**

Leiar Ole Tom Stokkeland, Kvås UL	attvald for 1 år
Medlem Reidun Bru Loland, BUL-Kr.sand	nyval for 2 år
Medlem Linda Rabbe Haugen, Framsteg UL	ikkje på val, 1 år
Medlem Roy Stensland, UL Lyngdølen	ikkje på val, 1 år
Varamedl. Nathalie Lascombe	nyvald for 1 år

---

#### **Skrivar:**

Borghild Løver  
Postboks 81, 4523 Lindesnes  
Telefon: 97 06 44 85  
E-post: [vest-agder@ungdomslag.no](mailto:vest-agder@ungdomslag.no)

#### **Kasserar:**

Siss Agedal  
Marnarv. 2234, 4534 Marnardal  
Telefon: 915 52 970  
E-post: [siss.agedal@online.no](mailto:siss.agedal@online.no)



## Vest-Agder Ungdomslag

Postboks 81, 4523 Lindesnes  
Heimeside: <http://vest-agder.ungdomslag.no>  
Org nr: 971 119 950  
Bank: 6319 12 60890

Eit fylkeslag i  
Noregs Ungdomslag

### Agder folkemusikk- og folkedansnemnd:

Styret utnemner tillitsvalde skriftleg.

### Revisor:

Årsmøtet valde Tønnes Seland til ettersyn (revisjon) av rekneskapen for 1 år.

### Valnemnda:

Medlem Tom Kåre Flottorp, Hægeland UL      ikkje på val, 1 år att  
Medlem Borghild Løver, Lindesnes UL      attval for 2 år  
Medlem Reidar Hommen, Holum UL      attval for 2 år

1. varamedl. Solveig Mjåland, Vennesla fril. UL <sup>att</sup>vald for 1 år
2. varamedl. Osmund Valand Eikeland, Halse UL, attvald for 1 år

### Utsendingar til NU-årsmøtet:

I prioritert rekkjefølgje:

Styret i VAUL, inkl. varamedlemene


Fondstyret


AFF (Agder folkemusikk- og folkedansnemnd)

Valnemnd


Desse fekk blommar: nemndsleiar Gunvor Syvertsen, Ole Tom Stokkeland, ordstyrar Tønnes Seland, storkursvertslaget UL Lyngdølen v/Bernt Jarl Fardal og årsmøtevertslaget Holum UL v/Helga Jørgensen.


Underskrift av referentar:

  
Borghild/Løver

  
Kari Mysen

Valde utsendingar til å skrive under årsmøteprotokollen:

  
Nathalie Lascombe

  
Helge Håland

---

#### **Skrivar:**

Borghild Løver  
Postboks 81, 4523 Lindesnes  
Telefon: 97 06 44 85  
E-post: [vest-agder@ungdomslag.no](mailto:vest-agder@ungdomslag.no)

#### **Kasserar:**

Siss Agedal  
Marnarv. 2234, 4534 Marnardal  
Telefon: 915 52 970  
E-post: [siss.agedal@online.no](mailto:siss.agedal@online.no)